



Oslo, 08.02.09

Noreg treng ein ny kraftlinepolitikk

Landsstyret i Noregs Naturvernforbund krev at Stortinget vedtek ein ny kraftlinepolitikk som sikrar omsynet til naturmangfaldet. Stortinget har vedtatt at Noreg skal stanse tapet av naturmangfald innan 2010. Det viktigaste trugsmålet mot naturmangfaldet er i dag nedbygging og oppstyking av samanhengande naturområde, og inngrep i leveområda for plantar og dyr. Statnett sine mange nye planane om nye store kraftliner aukar presset mot naturmangfaldet ytterligare.

Fram til i dag har det norske kraftnettet vore basert på leidningar i luft, med unntak for lokalnett med låg spenning. Luftleidningar har vore den rimelegaste måten å få fram elektrisitet på, og kraftsystemet har vore rekna som ein så sentral del av infrastrukturen at andre omsyn, som konsekvensane for naturmangfaldet, har vore underordna.

Særleg for fuglelivet er kraftlinjer ei alvorleg dødsårsak, men andre artar vert og råka. Daud fugl utgjør mellom anna ei god matkjelde for raudrev, og fører til at denne spreier seg inn i leveområda til fjellreven. Det føreligg planar om nye store liner gjennom naturreservat og andre verna område. Dei har møtt bastante protestar frå lokalsamfunna som vert råka. Nokre selskap tilbyr dempa fargar for å gjere mastene og linene mindre synlege, men rådet frå ornitologane er signalfarging for å redusere talet på daude fuglar. Det er fagleg vist at kraftliner i stor grad påverkar villreinen si åtferd og bidrar til å splitta opp leveområda. Noreg har eit internasjonalt forvaltaransvar for dei siste villreinstammene i Europa, og dette krev at me sikrar leveområda.

I dag er regelen frå Stortinget (St.prp. nr. 19 (2000-2001)) at stamnettet skal byggast som luftleidningar. Berre i heilt spesielle unntakstilfelle med særskilte miljøomsyn bør kabling vurderast, heiter det. Denne politikken legg altså opp til at omsynet til naturmangfald skal vegast opp mot kostnadene, men i dag taper naturen alltid. Kanskje tapar også Statnett på denne politikken. I eit endra klima, med meir vind og ising, er det ikkje sikkert luftspenn er den tryggaste energiframføringa.

Framover vil me få ei storstilt utbygging av nye fornybare energikjelder, parallelt med store strukturelle endringar i industrien, på land og offshore. Desse endringane vil auka presset for utbygging av nettet. Dette har lokale konsekvensar i samband med det enkelte prosjekt, men er og ei utfordring på nasjonalt nivå fordi områda som vert råka kan ha både nasjonal og internasjonal verdi. Statnett har lagt fram planar for å utvida stamnettet med over 2500 kilometer det neste tiåret. Sett under eitt vil utbyggingane verta av dei mest alvorlege einskildningrepa i norsk natur, med konsekvensar for artsmangfaldet, verna område og inngrepsfri natur

Det er urimeleg at naturen skal betale rekninga for dei store nye nettutbyggingane. Naturvernforbundet krev at regjeringa leverar Stortinget forslag til ein ny og moderne kraftlinepolitikk som ivareteke omsynet til naturmangfaldet. Den nye politikken må auka bruken av kabling, sjå til at det ligg naturfaglege vurderingar bak trasevalet for luftspenn og at desse så langt som råd ver lagt utanom verneområde og samanhengjande urørde naturområde. Vidare må planlegging av nye kraftliner sjåast i samband med utbygging av annan infrastruktur, og tilskotet til forskning og utprøving av alternativ teknologi må aukast. Om nye kraftliner vert utløynt av ny industriverksemd, må utbyggar vera med å dekke meirkostnaden for aktuelle prosjekt.